



Slik er grusbaneskissa førebels

**Under folkemøtet i skulen i bakkant av årsmøtet i Uskedal Utvikling ikveld vart det lagt for dagen stor begeistring for grusbaneplanane, Bjørn Olav Tveit og Vermund Vethus orienterte om den skissa som arbeidsgruppa så langt har laga og som skal munna ut i ein plan. Den skal leggjast fram for årsmøtet til idrettslaget midt i mars og så vert det styret si oppgave å arbeida vidare.**

Skissa har forslag om mange aktivitetar og omfattar også det private området som ligg utover Neset, Også referansegruppa som arbeider med sentrumsplanleggjing vil få dette som eit drøftingstema. Det vil truleg skje allereie søndag då denne gruppa skal ha møte.

Tveit slo i orienteringen fast at grusbana ikkje stettar det same behov som før og er eit dødt areal når det ikkje vert brukt av skulen. No må det skapast ein heilskapeleg plan for ei bygd som skal veksa og vera attraktiv for nye innbyggjarar.

Ikkje minst dei unge har allereie lagt fram mange gode idear i tillegg til kunstgrasbane, til dømes sykkelbane, sandvolley, klatring, skating, boccia og tursti. Også fjorden vert teken i bruk. Målsettjinga er at det skal vera eit robust område som alle aldersgupper kan boltra seg i.

Blant dei som roste initiativet var Kjell Yri, Magne Huglen og

Thor Inge Døssland.Yri anbefalte ein varsam, stegvis utbyggjing med fotballbana som det fyrste steget. Døssland såg det som ein fordel at 2 grupper jobbar med prosjektet. Det kom innvendingar mot dobbeltkøyring som vart kalla 'butikk i butikken'.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen  
NETT: Ola Matti Mathisen